

## Notat

Dato: 13.03.2014  
Arkivsak: 2014/13574-1  
Saksbehandlar: gudeinb

---

<b>Til:</b>	Samferdselsutvalet, fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Endringar i organisasjonsstrukturen i Skyss

Skyss har dei siste månadene gjort ein gjennomgang av korleis eininga er organisert, og korleis ansvar og oppgåver er fordelte. Formålet har vore å vurdere om ein er hensiktsmessig organisert for å handtere oppgåver og utfordringar framover. Arbeidet har ført til at organisasjonsstrukturen i Skyss blir noko endra, med verknad frå 1. mai 2014.

#### Bakgrunn og prosess

Skyss er no inne i ei ny fase der ein har behov for ei dreining frå eit operativt til eit meir strategisk fokus. Kollektivstrategi for Hordaland, som no er ute til høyring, vil bli eit nytt styringsdokument for eininga. Utfordringane med å nå måla for kollektivtrafikken er store, og gjennomføring av desse strategiane vil krevje mykje av eininga. Skyss ønsker å vere førebudd for å handtere dette.

Kartlegginga i Skyss viser at eininga generelt har eit godt arbeidsmiljø med motiverte medarbeidarar. Eininga er prega av eit ønske om stadig å gjere kollektivtilbodet betre for dei reisande, og det er endringsvilje knytt til dette. Det er likevel tydeleg at ein kan styrke den strategiske leiinga, bli tydelegare på mål og prioriteringar og arbeide betre på tvers i organisasjonen.

Gjennom dei planlagde endringane ønsker ein å få færre avdelingar, og tydeleggjere linjeleinga ift stabsfunksjonar. Ein ønsker å samle funksjonar som bør jobbe tettare, avklare grensesnitt mellom avdelingane og plassere nye funksjonsområde i organisasjonen. Det har også vore fokus på at ein relativt liten organisasjon som Skyss ikkje må ha ein for kompleks og krevjande organisasjonsstruktur.

AMU og dei tilsette sine organisasjonar har vore involvert i arbeidet. I tillegg har det vore ein brei prosess som mellom anna har inkludert arbeidssamling for alle tilsette og samlingar i avdelingane. Korleis tilsvarande selskap er organisert og erfaringar frå desse har også vore ein del av kartlegginga.

#### Ny organisasjonsstruktur

Ny organisasjonsstruktur for Skyss, gjeldande frå 1. mai 2014:



Leiargruppa vil bestå av direktøren og dei tre linjeleiarane, som frå 1. mai er for avdeling Trafikktilbud – Målfrid Vik Sønstabø, avdeling Sal og marknad – Tom Arne Steinstad (konstituert, stillinga vil bli lyst ut) og IKT – Frode Endresen.

### Oppfølging

Den nye leiargruppa vil arbeide vidare med å detaljere ut organisering i den enkelte avdeling og nye arbeidsprosessar for å få strukturen til å fungere etter hensikta. Omorganiseringa skal bli fulgt opp minimum ut 2014, og det skal gjennomførast ei evaluering.